


# Bokn skule



Bokn 26.05.21

## INFORMASJON TIL HEIMANE

Wenche Havikbotn, rektor  
Mobil 41764082  
[wenche.havikbotn@bokn.kommune.no](mailto:wenche.havikbotn@bokn.kommune.no)  
Annette Bokneberg, skulekontor,  
Tlf 52752569  
[annette.bokneberg@bokn.kommune.no](mailto:annette.bokneberg@bokn.kommune.no)  
Anne Lisabeth Jøsang, undervisningsinspektør  
Mobil 90208280  
[annjos@boknaskule.no](mailto:annjos@boknaskule.no)

### Korona

Frå 27. mai kan lokale smittevernmyndigheiter vurdere om barnehage og skular i område med lite smitte kan gå over til grønt nivå i trafikklysmodellen. I Bokn er det blitt vurdert at på grunn av liten smitte, vil me gå over til grønt nivå i barnehage og skule frå fredag 28. mai.

Dei viktigaste endringane blir at inndeling i kohortar blir oppheva, men nasjonale råd om smittevern i høve til å klemme, handhelse og halde avstand blir oppretthaldt.

Dei som ønsker å lese smittevernrettleiaren kan gå inn på lenka under:

[Veiledere om smittevern i barnehager og skoler \(udir.no\)](#)

Me på skulen håper med dette å få ei kjekk avslutning på skuleåret der me kan få gjere fleire ting saman. At elevane kan få oppleve litt «normalitet» dei siste vekene. Det betyr også at me kan gjennomføre tradisjonelle arrangement som me pleier å ha i slutten året.

### Ny inspektør

**Anne Lisabeth Jøsang** er tilsett som undervisningsinspektør på skulen etter Frode Lindanger.  
Kontaktinformasjon dersom de trenger/ønsker å ta kontakt er:  
[annjos@boknaskule.no](mailto:annjos@boknaskule.no)  
Mobil: 90208280

### Neste skuleår

I formannskapet 25.05.21 blei det endeleg bekrefta at skulen får auka stillingsresursen sin med 0,8 årsverk. Dette betyr at me kan dele opp 2., 3. og 4. klasse frå august. Det er denne samanslåinga som har skapa mest uro dette året.

Eg håpar med dette at me no kan sjå framover og jobbe saman om å få til eit godt samarbeid og læringsmiljø for alle.

Det er også blitt gjort ei vurdering med utgangspunkt i tilbakemeldingar frå FAU/foreldre og personalet om å gjere ei justering når det gjeld samanslåing på ungdomsskulen. Dei som no går i 8. klasse vil bli slått saman med dei som no går i 7.. Denne samanslåinga vil gjelde til den eldste klassen går ut av 10..

Klassestrukturen for neste skuleår vil bli slik:

1. klasse	12 elevar
2. klasse	8 elevar
3./4. klasse	10 elevar
5./6. klasse	19 elevar
7. klasse	13 elevar
8./9. klasse	21 elevar
10. klasse	13 elevar

Når det gjeld samanslåing av 8./9. klasse så vil dei ha timar der dei ikkje er samanslått på grunn av at dei har ulike avgangsfag (musikk, mat & helse). Eg vil også legge inn tolærer i

nokre timar, blant anna i matematikk. Det vil også vere mindre grupper i språkfag og valfag.

Når det gjeld planlegging av neste skuleår så har me dessverre ikkje fått på plass alle lærarane me trenger. Me har hatt ei utlysning, ein runde med intervju og tilsetjing. To av dei som fekk tilbod har takka ja, men ein av dei skal rett ut i permisjon.

Me auken av årsverk, og at ei av dei me tilsette takka nei så har me no gått ut med ei ny utlysning og håper på mange gode søkarar. Viss det er nokon som veit om nokon som er på leit etter lærarjobb må de oppfordra dei til å søke.

På grunn av dette har me ikkje fått på plass alle kontaktlærarane. Det vil difor enno ta ei tid før me kan gå ut me kven som skal vere kontaktlærer i dei ulike klassane. Eg veit at dette ikkje er gunstig for elevar som treng å førebu seg på kven dei skal ha som lærar. Men dette er dessverre ikkje noko eg rår over. De vil få informasjon om dette så snart ting er på plass.

Kontaktlærer i 1. klasse vil snart vere klar, men dei andre må vente litt lengre.

### **10. klasse**

Det nærmar seg slutten av eit annleis skuleår. 10. klasse har dessverre ikkje fått gjort alle dei tinga som 10. klasse skal gjere pga. korona og smittevern. No håpar eg at me kan få til ei god avslutning på 10 år på Bokn skule.

Dersom alt går som planlagt blir det munnleg eksamen 8., 9. og 10. juni. De vil få meir informasjon om dette frå kontakt- og faglærer.

Avslutning og utdeling av vitnemål vil bli i Bokn arena tysdag 22. juni. Meir informasjon vil komme seinare.

### **Informasjon om Flying start! - for deg som skal på vidaregåande til hausten.**

Sjå informasjon om dette i lenka under.

<https://rogaland.skoleogarbeidsliv.no/Event.aspx?EvtID=265>

### **Standpunktkarakterar**

10. klasse vil få standpunktkarakterar i alle fag. 8. og 9. vil få i dei faga som er avsluttande i år. På standpunktkarakterane er det klagerett. Det vil bli gitt informasjon til elevane på skulen om dette. Foreldre kan lese meir om dette i lenka under.

[Klage på karakter i grunnskolen | Statsforvaltaren i Rogaland \(statsforvalteren.no\)](#)

Dersom nokon tenker dei vil klage på karakterar er det viktig at de tek kontakt med faglærer eller meg for å få ei grunngeving på karakteren. Dersom de likevel ønsker å klage skal klagen sendast til skulen og ikkje direkte til Statsforvaltaren (sjå informasjon i lenka).

10. klasse vil få utdelt standpunkt i skriftlege fag tysdag 1. juni. I dei andre faga får dei utdelt standpunkt tysdag 8. juni.

8. og 9. vil få utdelt standpunkt i sine avgangsfag tysdag 8. juni.

### **Diverse**

Skuleruta for neste år finn de på lenka under:

[Skulerute 21/22](#)

[Heimeside - Bokn skule](#)

Med helsing

Wenche Havikbotn  
Rektor

